



Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS
Rosslandsvegen 364
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2657 - 19/37550

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
13.12.2019

Ferdigattest for grunnarbeid og natursteinmur i sak 2009/289 - gbnr 185/297 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Stian Simonsen
Ansvarleg søkjar: Fjeldstad og Sandvik Tømrer Team AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 03.10.2012 og 21.09.2009 i sak 2009/289 – gbnr 185/297.

Det er mottatt kontrollerklæring den 13.12.2019 frå UTF, Maskinentreprenøren Vest AS iht. regelverk for vedtak av 03.10.2012. Ansvarleg søkjar er endra frå Vårdal arkitektar til Fjeldstad og Sandvik Tømrer Team AS. Vårdal arkitektar har stadfesta endring av ansvarsrett i e-post av 04.12.2019. Fjeldstad og Sandvik Tømrer Team AS har den 11.12.2019 sendt inn dokumentasjon på endring av ansvarleg søkjar og endring av tiltakshavar til Stian Simonsen.

Det vert elles vist til søknad mottatt 11.12.2019 og sist og supplert 13.12.2019. Søknaden er prioritert då sak 18/2657 – gbnr 185/297 er avhengig av ferdigattest i denne saka.

Skildring

Adresse:	Orresteinen 18A og 18B
Bygningstiltak:	Grunnarbeid og natursteinmur

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for grunnarbeid og natursteinmur på gbnr 185/297.



Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 2009/289

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS	Rosslandsvegen 364	5918	FREKHAUG
Stian Simonsen	Oterdalen 24 A	5914	ISDALSTØ
Stian Simonsen	Oterdalen 24 A	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS	Rosslandsvegen 364	5918	FREKHAUG
-----------------------------------	-----------------------	------	----------